

Med hest på leir

Ingen med promille

Laurdag heldt politiet promillekontroll i Volda og Ørsta. På Ose i Ørsta vart 60 bilførarar kontrollert, før patruljen flytta seg vidare til Ekset i Volda. På Ekset vart 40 førarar kontrollert. Alle var edru.

Rusa mann køyrd til sjukehus

I halv fire-tida natt til laurdag kom politiet over ein overstadig rusa mann i Ørsta sentrum. Dei køyrde mannen til sjukehus for kontroll.

Regjeringa vil ta opphaldsløyvet frå ID-juksarar

(NPK-NTB): Asylantar kan miste det permanente opphaldsløyvet viss dei oppgav falsk identitet i asylsøknaden - sjølv om dei har krav på beskyttelse.

Det kjem fram i ein ny instruks, der Justisdepartementet ber Utlendingsdirektoratet trekke inn att opphaldsløyve som er gitt på grunnlag av falske identitetsopplysningar. Viss tryggingssituasjonen i heimlandet tilseier behov for beskyttelse, skal det bli gitt nytt opphaldsløyve for berre eitt år og ikkje tre år, som er hovudregelen.

- I praksis inneber dette at utlendingar som tidlegare har fått permanent opphaldsløyve med falsk identitet kan miste dette, og at det kan ta lang tid før det eventuelt er aktuelt å gi eit ny permanent opphaldsløyve, seier statssekretær Jøran Kallmyr (Frp).

Ifølgje departementet vil berre «eit mindre tal på saker» vere omfatta av den nye instruksjonen.

- Vi vil vurdere å stramme inn forskriftsreglane for å gjere det endå vanskelegare for dei som har hatt opphald med falsk identitet å få permanent opphaldsløyve i framtida, seier Kallmyr. (©NPK)

Hellas gjer nye framlegg tysdag

(NPK-NTB-Reuters-AFP): Hellas' statsminister Alexis Tsipras og Tysklands statsminister Angela Merkel vart måndag einige om at Hellas skal presentere nye forhandlingsforslag tysdag, seier ei gresk regjeringskjelde.

Kjellda, som ønskjer å vere anonym, ville ikkje gi fleire detaljar frå telefon samtalen mellom dei to statsleiarane.

Tysdag kveld møtest dei 19 medlemslanda i eurogruppa til eit hastemøte for å diskutere vegen vidare etter den greske folkerøystinga, og det er venta at Tsipras skal leggje fram nye forslag under dette møtet. (©NPK)

Rjånes Ungdomssenter held leir for barn og unge med jamne mellomrom. Blant leiraktivitetane er hestestell og riding, noko medlemmar i Volda rideklubb velvillig har hjulpet til med.

I slutten av juni var det dukka for leir igjen, og eit knippe barn og unge frå Sunnmøre hadde funne vegen til Rjånes. Alle dei 19 jentene som var påmeldt på leiren, fekk seg ein tur på hesteryggen førre torsdag. Frå Volda rideklubb stilte Linn Mork/Botnar, Liv Jorunn Nyhagen/Birkeholms Thoke Patsijon og Edle Holmin. Barna vart delt inn i grupper, slik at alle skulle få prøve å strigle og ri like lenge. Dei fleste barna hadde prøvd å ri tidlegare, men der var òg dei som gradvis nærma seg hestane med ein viss skepsis. Mot slutten av økta var dei likevel godt varme i trøya, og hestane som såg så store ut ved fyrste augekast, var ikkje lenger så store og «skumle». Dei aller fleste



* Strigling og stell av hestane var populært hos barna.

drista seg til å prøve gangarten test også det var kjekt å få seg ei trav etter ei stund, og barna syn-

gjande skogholt. Dette var tredje leiren Volda rideklubb har stilt med hest på, og det var fyrste gangen hestane kom til leirplassen og ikkje omvendt. Tidlegare år har aktiviteten brukt å gå føre seg på ridebana i Volda, men stor interesse for tilbodet har gitt visse logistikkutfordringar.

- Å frakte hestane til Rjånes viste seg å vere like enkelt, konkluderer leiar i Volda rideklubb, Edle Holmin. Ho seier seg vidare imponert over alle dei flinke barna som møtte opp, og som tydeleg var interesserte i hest.

- Vi er takksame for samarbeidet med Rjånes Ungdomssenter, slår ho fast.

Ref.

* Kjersti opplevde stor meistlingskjensle då ho torde å sette seg opp og ri på Botnar. Marte og Olianna hjelper til.



* Palma får seg ei runde på fjordingen Botnar med leiar Linn Mork.



* Det var morosamt å ri i skogen. På Thoke sit Astrid med leiar Liv Jorunn Nyhagen.